



Osterøy IL
Handball



HOVUDSPONSOR



Informasjon til alle barneskulane og foreldre **HaFo-turnering 14.-15.februar 2015**

Den årlege HaFo-turneringa for **3. til 7. klasse** vert avvikla **helga 14. – 15.februar** i **Osterøyhallen**.

Kva er HaFo?

HaFo er ein omgong med handball og ein med fotball. Omgongane varar maks ti minutt kvar. Det deltek 5 spelarar inkl. målvakt på handballdelen og tilsvarande 4 på fotballdelen. Det kan nyttast inntil fire innbytarar. Det er reine jente- og gutelag. Jenter kan imidlertid stilla på gutelag dersom ein ikkje klarar å stilla jentelag. Dei yngste spelar laurdag, mens 6. og 7. klasse spelar begge dagar med finalar søndag.

Dersom nokre skular skulle ha problem med å stilla nok spelarar til enkelte lag, vil komiteen kunne vera smidige i praktiseringa av reglane for aldersinndeling særleg dersom det er få elevar på klassesteget.

Konsept

HaFo-konseptet byggjer på dei tidlegare turneringane som allereie er avvikla:

- **Gratis for både deltakarar og publikum**
- **Premie til alle**
- **Ballallsidigheit**
- **Alle kan delta**
- **Samarbeid og samhald – og ein blir kjent med elevar frå andre skular**
- **Gøy og moro**
- **Positiv aktivitet**
- **Fair play**

Ansvarleg arrangør er Osterøy IL handballgruppa på heimesida til handballen:

www.osteroyil.no **klikk: Handball og så HAFO**

Beste helsing frå arrangørkomiteen

Styret i Osterøy handball og styret for HaFo 2015